



Hlm Arkitektur AS
C. Sundts gate 1
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3060 - 18/32454

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.11.2018

Referat frå dialogmøte 22.10.2018 - gbnr 137/23 m.fl. Alver

Tiltak	Dialogmøte om ny skule og fleirbrukshall – gbnr 137/23 m. fl. Alver
Tiltakshavar	Lindås kommune
Ansvarleg søkjar	Hlm Arkitektur AS
Møtestad	Rådhuset
Møtedato	26.10.2018, kl. 12.00.
Til stades i møtet frå kunde og kommune	Hlm Arkitektur: Per Højgaard Nielsen, Daniel Brookfield Multiconsult: Terje Eithun Constructa Entreprenør AS: Johannes Gullbrå, Lene Eriksen Lindås kommune: Inger Marie Jordal (eigedomsavdelinga/byggherre) Arne Helgesen (VA) Rune Kilen (veg) Siril Sylta (einingsleiar arealforvaltning) Anne Lise Molvik (byggesak)
Tema på møtet	HLM Arkitektur AS v/ Per H. Nielsen presenterte prosjektet. Spørsmål rundt teknisk infrastruktur.

Plangrunnlag



Planstatus	<input type="checkbox"/> Kommuneplan <input type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan <input type="checkbox"/> Omsynssooner <input type="checkbox"/> Uregulert <input type="checkbox"/> Lokale vedtekter	<input type="checkbox"/> Pågåande planarbeid <input checked="" type="checkbox"/> Områderegulering <input type="checkbox"/> Detaljregulering <input type="checkbox"/> Bygge- og deleforbod <input type="checkbox"/> Energipolitisk handlingsplan <input type="checkbox"/> Anna
Plannamn	Alversund områdereguleringsplan, del av gnr 137 og 138. Planid 1263-200902.	
Føremål	BOP3 m.fl.	
Rekkjefølgjekrav	Føl av kap. 4 i føresegnene	

Infrastruktur		
Vatn- og avløp	<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg vatn <input checked="" type="checkbox"/> Offentleg avløp <input type="checkbox"/> Overvasshandtering	<input type="checkbox"/> Privat vatn <input type="checkbox"/> Privat avløp <input type="checkbox"/> Terreng
<p>Det ligg føre godkjend VA-rammeplan i arkivsak 18/1544. Planen vil sikra vatn og avløp for nye tiltak og sanera eksisterande avløpsanlegg i området.</p> <p>Før det vert gjeve IG skal det liggja føre endeleg teknisk plan for infrastruktur. Planen skal vera komplett og visa plassering av ny trase og snitt/profil. Det skal leggjast ved planen liste over dei eigedomane der sanering av VA-anlegg skal gjennomførast/er mogleg. Utbyggjar må avklara sanering med eksisterande grunneigarar.</p> <p>Kloakk: Det skal etablerast ny sjølvfall-leidning der kloakken vert ført til ny pumpekum nedanfor Alversund skule og pumpa i ny leidning til eksisterande offentleg kloakknnett i Buheim som går til avløpsanlegget i Ikenberget. Ny leidningstrase er ikkje endeleg avklart. Eksisterande skulebygg må koplast til anlegget. Eksisterande slamavskiljarar (2 stk) for skulen må koplast ut.</p> <p>Teknisk drift må sjekka at den auka belastningen på kloakkanlegget i Ikenberget er innanfor utsleppsløyvet som ligg føre for anlegget. Viss ikkje anlegget er godkjend for tilstrekkeleg belastning må det søkjast om utvida utsleppsløyve.</p> <p>Overvatn: Overvatn skal førast ut av planområdet og til sjø via borehol.</p> <p>Vatn: For å sikra tilstrekkeleg brannvassdekning skal det etablerast ny vassleidning i borehol frå kommunal leidning aust for området ved V1. Leidningen skal leggjast fram til o_SKV3 slik at eksisterande og framtidig busetnad skal kunne</p>		

	<p>knytast til leidningen.</p> <p>Sanering av eksisterande busetnad: Eksisterande vassleidning i området skal sanerast. Stikkleidningar til den enkelte eigedom må reetablerast.</p> <p>Eksisterande busetnad har eldre avløpsanlegg av ulik standard og type og skal så langt råd er sanerast ved tilkopling til ny kloakkleidning.</p> <p>Det skal sendast inn ei rørleggarmelding per eigedom. Søknad om løyve til å etablere stikkleidningar til den enkelte eigedom kan inngå i byggesaka for etablering av tekniske anlegg for veg, vatn og avløp innanfor planområdet.</p>
Tilkomst	<p>Tilkomst til fylkesveg går fram av reguleringsplanen. Opparbeiding av offentlege gater og vegar skal skje etter detaljer tekniske planar godkjend av kommunal eller statleg vegmynde, jf føresegn 7.1.2.</p> <p>Avklart etter møtet: Norconsult har utarbeidd plan- og profildekning fylkesveg og normalprofil. Tekniske planar er ikkje oversend eller godkjend av Statens vegvesen per i dag.</p> <p>Tilkomst inn i området er avklart med Riksantikvaren. Flytting av lemstova skal gå som eiga sak. Situasjonsplan som viser plassering av løa og lemstova skal vera godkjend av Hordaland fylkeskommune før byggjeløyve kan gjevast, jf. føresegn 4.1.5 og 4.1.6.</p>

Oppsummering/avklaring av konkrete spørsmål og problemstillingar	<p>Planlagde tiltak bør delast i 3 ulike søknader der vi får ein søknad på teknisk infrastruktur, ein for skulebygget og ein for lemstova.</p> <p>Tiltaka kan nabovarslast under eitt. Alle berørte naboar får då oversikt over alle tiltaka som skal gjennomførast.</p> <p>Grunneigarforhold bør vera avklart før utsending av nabovarsel og innsending av søknad. Dette gjeld både i forhold til etablering av bygningar og infrastruktur. Trong for samtykke frå grunneigar ved etablering av borehol må vurderast i kvart enkelt tilfelle ut frå plassering av anlegget i vertikalplanet og kva brukarinteresser som gjer seg gjeldande på den enkelte eigedom.</p> <p>Delar av tiltaket når det gjeld teknisk infrastruktur vil liggja utanfor planområdet. Det må, når endeleg plassering av anlegget er bestemt, avklarast om tiltaket er i samsvar med kommunedelplanen for Knarvik – Alversund, som er gjeldande plan, eller om det er trong for dispensasjon.</p>
---	---

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hlm Arkitektur AS
Lindås kommune

C. Sundts gate 1
Felles postmottak
Kvernhusmyrane 20

5004
5914

BERGEN
ISDALSTØ